

Bremanger kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 24.04.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Rådmannen i sak 15 og 16

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
013/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/15	Skriv og meldingar 24.4.15
015/15	Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering
016/15	Eigarskapsmelding - orienteringssak
017/15	Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2015

Med helsing

Harry Gulestøl
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 24.04.2015	Saksnr 013/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/209
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 24.04.2015	Saksnr 014/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 15/210
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 24.4.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	23.03.2015	Særattestasjon tilskotsformidling/tilskotsmidlar Bulyst i Bremanger 2014	15/602
2	26.03.2015	Årsmelding 2014 - SEKOM-sekretariat	15/624
3	27.03.2015	Arbeidsplan 2015 og 2016 for SEKOM-sekretariat	15/398
4	07.04.2015	Årsmelding 2014 for Kontrollutvalet - kommunestyret si handsaming	15/663
5	08.04.2015	Bremanger kommune - lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 60/14 om endring av årsbudsjettet 2014	15/670

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Bremanger kommune
Rådmannen

6723 SVELGEN

*Kopi: Nye Bremanger v/dagleg leiar
Kommunal og Moderniseringsdept.
Økonomisjefen i Bremanger
Kontrollutvalet i Bremanger*

Dykkar ref.:
Årsrekneskap2014/
Prosjektrekneskap 2014

Vår ref. :
f://nye Bremanger //
Rek-nye-brem revuttale/tf15

Arkivkode :
243

Journalnr. :
017 / 2015

Dokumentdato:
23. mars 2015

REVISORUTTALE BULYSTMIDLAR – Tilskotsmidlar til «Nye Bremanger» - 1438 Bremanger kommune, Økonomirapportering rekneskapsåret 2014.

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord - KRYSS Revisjon - har fått seg førelagt rekneskapsmaterieil mv., som gjeld søknad, tildeling, rapportering og oversikt over bruken av midlar til bulyst-prosjektet, Bremanger Pendling - Bulyst, i regi av «Nye Bremanger», i 1438 Bremanger kommune, for driftsåret 2014. Våre revisjonshandlingar er utført for å kunne bistå både Bremanger kommune, Plan- og Samfunnsavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, i vurderingane av om tilskotet til Bremanger kommune/Nye Bremanger er brukt i samsvar med kriteriane innafor Regjeringa sitt prosjekt kring tildeling av bulystmidlar overfor kommunane. Årsrekneskap for Nye Bremanger ligg føre med resultat- og balanserekneskap, og noteopplysningar, pr. 31.12.2014, d. 12.03.15.

Avdelingsfordelt økonomirapportering frå rekneskapen er samanstillt med korresponderande budsjett og finansiering. Økonomirapporteringa for 2014 går fram av eige rekneark og er samanstilt med budsjett og rekneskap for tidlegare år, der også årlege budsjett-tal går fram. Dette er dagsett 15.03.2015, og vi har i dag gjeve vår påteikning på dette med henvisning til denne uttale. Vi viser til taldelen i rapporteringa for rekneskapsåret 2014, samt eige rapporterings-skjema, 'Rapport BOLYST', d. 15.03.15, til KMD (Kommunal og Moderniseringsdepartementet). Desse dokumenta følgjer denne revisjonsuttale.

Vi har utført revisjonen i henhold til god revisorskikk, god revisjonsskikk og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening, og gjev vår uttale i samsvar med ISA 800 «Særlige hensyn ved revisjon av regnskaper utarbeidet i samsvar med rammeverk med spesielle formål», og ISA 805 «Særlige hensyn ved revisjon av separate rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoar eller poster i ei rekneskapsoppstilling».

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646
- evt mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbyggjer rekneskapsopplysningane. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi oppsummerer vårt arbeid slik :

- Rekneskapan vert ført hos rekneskapsfirma Solvens AS i Florø
- Det er lagt fram rekneskapsoppsett, spesifisert på det einstilte delprosjekt og samanstilt med spesifisert, regulert budsjett og kostnadskalkyler og finansieringsplan i søknad. Samandrag er signert av representantar (prosjektleiar og prosjektansvarleg) frå Nye Bremanger, d. 15.03.2015.
- Det er lagt fram eige evalueringsskjema/rapport i tråd med mal frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet. Beløpa i rekneskapsamanstillingane er inkludert mva.
- Vi stadfestar at rekneskapsopplysningane kjem fram som ein del av bokføringane i Nye Bremanger sine årsrekneskap for 2014, spesifisert på delprosjekta nemnde i søknad og rekneskap, som HA-01 til HA-10; - jfr. samandraga i rekneskapsoppstillinga pr. 31.12.2014, dagsett 15.03.2015, som vi har gjeve vår påteikning på i dag.
- Vi er ikkje kjende med at det er bokført kostnader som ikkje vedkjem prosjektet

Vi meiner å kunne gje uttrykk for at

- tilskotsmidlar er bokført og nytta til prosjekt og tiltak/føremål som det er omsøkt tilskotsmidlar til
- utgifter har tilhørigheit til dei prosjekt dei er bokførte på

Vår uttale er utelukkande utarbeidd for det føremål som er nemnt i første avsnitt, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. I tillegg til Bremanger kommune og Nye Bremanger er uttalen kun meint for Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet.

Vi går ut frå at tilskotsformidlinga skjer via fylkeskommunen og kommunen, med vidareformidling av tilskotsmidlane til bruk i Nye Bremanger, som står som søkjar og tiltakshavar for prosjektet. Kontrollutvalet i Bremanger kommune får såleis kopi av dette skriv, som ledd i sitt ansvar for tilsyn med forvaltninga i kommunen.

Svelgen/Florø den 23. mars 2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

REKNESKAP - BUDSJETT 2012-2014 SLUTTRAPPORT

Tittel	Budsjett		Regnskap		Budsjett		Regnskap		Budsjett		Regnskap		Avvik	
	2012	2012	2013	2013	2014	2014	2013	2013	2014	2014	2014	2014	2014	2012-2014
HA-01	150.000	66.399	360.000	154.965	870.000	652.426	870.000	873.790	870.000	873.790	-3.790			
HA-02	20.000	-	65.000	75.900	150.000	75.000	150.000	150.900	150.000	150.900	-900			
HA-03	20.000	-	65.000	87.500	150.000	56.250	150.000	143.750	150.000	143.750	6.250			
HA-04	-	-	100.000	-	100.000	-	100.000	-	100.000	-	100.000			
HA-05	50.000	37.825	125.000	125.971	300.000	207.319	300.000	371.115	300.000	371.115	-71.115			
HA-06	50.000	-	325.000	547.238	700.000	267.637	700.000	814.875	700.000	814.875	-114.875			
HA-07	50.000	1.733	175.000	130.300	400.000	209.659	400.000	341.692	400.000	341.692	58.308			
HA-08	50.000	2.500	180.000	201.546	435.000	225.000	435.000	429.046	435.000	429.046	5.954			
HA-09	35.000	-	145.000	160.800	325.000	163.600	325.000	324.400	325.000	324.400	600			
HA-10	5.000	34.400	20.000	-	45.000	5.400	45.000	39.800	45.000	39.800	5.200			
SUM	430.000	142.857	1.560.000	1.484.220	3.475.000	1.862.291	3.475.000	3.489.368	3.475.000	3.489.368	-14.368			

FINANSIERING	Budsj.		Regnskap		Budsjett		Regnskap		Budsjett		Regnskap	
	2012	2012	2013	2013	2014	2014	2013	2013	2014	2014	2014	2014
Bedriftsmidler	-	0	75.000	132.405	102.720	102.720	150.000	150.000	150.000	150.000	235.125	
Bremanger kommune	10.000	-	80.000	-	60.000	55.000	150.000	150.000	150.000	150.000	1.066.800	
Egeninnsats a kr. 200 pr. time	100.000	156.800	405.000	351.200	400.000	558.800	905.000	905.000	905.000	905.000	1.066.800	
Innovasjon Norge Sognog Fjordane	-	-	50.000	-	50.000	-	100.000	100.000	100.000	100.000	-	
Kommunaldepartementet	150.000	375.000	700.000	190.000	650.000	-	1.500.000	1.500.000	1.500.000	1.500.000	-	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	170.000	-	250.000	42.500	250.000	-	670.000	670.000	670.000	670.000	-	
SUM	430.000	531.800	1.560.000	716.105	1.485.000	-	3.475.000	3.475.000	3.475.000	3.475.000	-	

HA-05:post 6870 Aktivitet etter skuletid har inntekter på kr. 102.720. Disse må trekkes frå prosjektkost HA-05 på kr. 207.319,-

HA-04 er arbeid med under HA-01

Bremanger, 15. mars 2015

Åge Senneset
Åge Senneset
Prosjektleder

Steinar Ryland
Steinar Ryland
Prosjektansvarlig

Attestert pr. 31/3 - 2014
Fr. vår revisjonsuttale 23/3-2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde

Dagleg leiar/Revisjonsleiar
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSSREVISJON

Fra: Terje Førde
Sendt: 23. mars 2015 11:06
Til: post@bremanger.kommune.no; Tom Joensen
(Tom.Joensen@bremanger.kommune.no); 'Steinar Ryland'; Åge Senneset
(aage.senneset@hotmail.no)
Kopi: 'rh@bremanger.kommune.no' (rh@bremanger.kommune.no); Espen
Frøysland (Espen.Froysland@bremanger.kommune.no); Sekom postmottak;
Trine Vokuhl
Emne: Særattestasjon tilskotsformidling7tilskotsmidlar Bulyst i Bremanger 2014
Vedlegg: Revisjonsuttale 230315, Nye Bremanger, Bulyst-prosjektet 2014 m
særattestert prosjektrek.pdf; Nye Bremanger, Årsrekneskap 2014 m revuttale
og prosj.rek Bulystmidlar2014.pdf

Hei.

Vi har føreteke gjennomgang av prosjektrekneskapen/rekneskapsoppstillinga og årsrekneskapen til Nye Bremanger for 2014, med føremål å gje uttale kring middelbruken av tilskotsmidlar gjevne til bestemte føremål innafor Nye Bremanger, i år 2014.

Vedlagt følgjer vår uttale av i dag, samt rekneskapsamandrag/-oppstilling for «*Rekneskap-Budsjett 2012-2014 Sluttrapport*», dagsett 15.03.15, som vi har gjevne vår påteikning på, med henvisning til vår uttale av i dag, 23.03.15. For heilskapen si skuld legg vi også ved «*Rapport Bolyst*» i fastsett skjema til KMD, frå leiinga i Nye Bremanger, d. 15.03.15. Komplette Årsrekneskap for Nye Bremanger for 2014 følgjer også med som vedlegg her.

Merk at rapporteringsfristen overfor Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for innsending av rapporter og revidert rekneskap for 2014 er 24.04.2015! Vi sender dette over til Nye Bremanger ved prosjektleiar Åge Senneset og prosjektansvarleg Steinar Ryland. Merk at vår uttale er stila til Rådmannen i Bremanger, og såleis sendt kommunen sitt postmottak. Kommunen/Nye Bremanger må ta denne rapporteringa vidare til KMD og dei instansar som elles er involvert. Vi ekspederer ikkje noko direkte dit.

Vi takkar for samarbeidet kring denne særattestasjonen med Nye Bremanger og håper De er nøgde med våre tenester. Vi ønskjer lukke til med slutføringa og det vidare arbeidet i prosjekta og Nye Bremanger. Som nemnt i e-post-korrespondanse tidlegare ønskjer vi kopi av søknader og tilsagn som evt måtte kome framover, slik at vi har oversikt over dette og eventuelt kan få innarbeidd vår ressursbruk i dette i framtidige arbeidsplaner hos oss.

Vi håper det er tilstrekkeleg at De får dette oversendt elektronisk som scanna filer. Merk at vi har scanna vår uttale og særattestert prosjektrekneskap i ei fil (3 sider), og at vi i tillegg har lagt ved ei scanna fil som inneheld alle ovannemnde dokumenter i eitt og same filvedlegg. Originaluttalen og vedlegg elles er i våre revisjonsdokumentasjon og i vårt arkiv.

Kopi m/vedlegg er sendt sekretariatet for Kontrollutvalet i kommunen, til orientering i høve deira tilsyn med forvaltninga.

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no <mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no>



SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2014



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015

Saksnummer: 003/15

Referanse: 15/33

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar
1	Reidar Fristad, Askvoll	1	Jorunn Blom Aalen, Askvoll
2	Stig Bakke, Bremanger	2	Jarle Frøyen, Bremanger
3	Siv L Rotevatn, Eid (nestleiar)	3	Torbjørn Nes Hjelle, Eid
4	Magne Norddal, Fjaler	4	Anny Mari Holm Solheim, Fjaler
5	Bjørn Hollevik, Flora	5	Siv Madsen, Flora
6	Terje Engvik, Førde (leiar)	6	Monica Alisøy Kjelsnes, Førde
7	Joar Aarnes, Gaular	7	Anita Eide, Gaular
8	Per Jarle Myklebust, Gloppen	8	Ola Tarjei Kroken, Gloppen
9	Lars Atle Larsen, Gulen	9	Laila Nyhammer, Gulen
10	Jon Åge Torheim, Hornindal	10	Elsa Eilertsen Raftevoll, Hornindal
11	Morten Askvik, Hyllestad	11	Øyvind Høye, Hyllestad
12	Johannes Juklestad, Jølster	12	Arve Dvergsdal, Jølster
13	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	13	Elin Schei Stuhaug, Naustdal
14	Anne Kari Reigstad, Solund	14	Birger Hjønnvåg, Solund
15	Rune Myklebust, Stryn	15	Aud Jorunn Hool Egge, Stryn

Leiar:	Terje Engvik
Nestleiar:	Siv L Rotevatn

Arbeidsutvalet pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar (1.vara)		Personlege varamedlemar (2.vara)
1	Terje Engvik, Førde, leiar	1	Bjørn Hollevik, Flora	1	Joar Årnes, Gaular
2	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	2	Magne Norddal, Fjaler	2	Reidar Fristad, Askvoll
3	Siv L Rotevatn, Eid, nestleiar	3	Stig Bakke, Bremanger	3	Jon Åge Torheim, Hornindal
4	Per Jarle Myklebust, Gloppen	4	Rune Myklebust, Stryn	4	Johannes Juklestad, Jølster
5	Ann Kari Reigstad, Solund	5	Lars Atle Larsen, Gulen	5	Morten Askvik, Hyllestad

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
25. februar 2014	5
1. oktober 2014	3
Sum	8

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
19. juni 2014 (Telefonmøte)	2

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar og rådgjevar. Det var skifte av dagleg leiar i løpet av 2014. Vidar Øvrebø slutta den 25. februar. Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme var konstituert som dagleg leiar i tida 26. februar – 31. mars. Arnar Helgheim tok til som dagleg leiar frå og med 1. april. Kontorstad er i 3. etasje i Førde rådhus.

Arbeidsåret 2014

Ved sidan dei løpande oppgåvene knytt til planlegging, gjennomføring og etterarbeid for dei 15 kontrollutvala, tek vi med litt informasjon om nokre tema i arbeidsåret 2014:

Oppstart og opplæring

Arbeidsåret vart naturleg nok prega av skifte i stillinga som dagleg leiar. Frå 1. april og ut første halvår, prioriterte vi oppstart og opplæring mellom anna ved at både tilsette deltok på kontrollutvalsmøta og i førebuing og etterarbeid til møta.

Sak- og arkivsystem

Arbeidsutvalet gav klarsignal til at vi kunne ta i bruk Acos WebSak som sak/arkivsystem allereie frå sommaren 2014. Dette er det same systemet som kommunane i vårt område brukar. Mesteparten av arbeidstida i den møtefrie perioden om sommaren, gjekk med til innføring og opplæring i systemet. Innføringa vart dekkja innanfor budsjettet.

Hausthalvåret var WebSak i full bruk, noko som mellom anna merkast ved at alle dokumentmalar var endra.

Informasjon

I august 2014, sende vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om:

- Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet
- Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem
- Nye malar for alle dokument
- Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Overordna analyse

Siste del av hausten 2014, starta vi planlegging av arbeidet med overordna analyse for neste valperiode. I første omgang har dette vore ved drøftingar med andre sekretariat og med dei to revisjonsselskapa som vert nytta (KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord).

Ressursbruk

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Sommaren 2014, arbeidde dei tilsette mest med innføring av sak/arkiv-system. Dette er døme på oppgåver som er ført under administrasjon. Fordeling dei to siste åra:

Kommune / oppgåve	2013		2014	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Askvoll	102	4,6 %	130	6,6 %
Bremanger	268	12,0 %	173	8,8 %
Eid	160	7,2 %	129	6,6 %
Fjaler	142	6,3 %	130	6,6 %
Flora	417	18,6 %	213	10,9 %
Førde	166	7,4 %	179	9,1 %
Gaular	107	4,8 %	101	5,2 %
Gloppen	129	5,8 %	137	7,0 %
Gulen	78	3,5 %	65	3,3 %
Hornindal	71	3,2 %	84	4,3 %
Hyllestad	126	5,6 %	151	7,7 %
Jølster	131	5,9 %	112	5,7 %
Naustdal	175	7,8 %	120	6,1 %
Solund	66	3,0 %	105	5,4 %
Stryn	99	4,4 %	133	6,8 %
Delsum	2237	100,0 %	1963	100,0 %
Felles/adm	1158		1250	
Total sum	3395		3213	

Rekneskap

	R2013	B2014	R2014
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000

Avslutning av rekneskapen

I samband med økonomirapport, vedtok styret den 1. oktober mellom anna: «Eit eventuelt overskot i rekneskapen for 2014 vert sett av som likviditetsfond». Selskapet sin revisor tok initiativ til ei avklaring av dei formelle tilhøva med fondsavsetjing sett i lys av regleverk og vedtekter. Styreleiar og dagleg leiar hadde avklaringsmøte med revisor Markvard Sunde (Kommunerevisjonen i Nordfjord) den 16.12.14. Konklusjonen frå møtet var at selskapet berre kan setje av til fond når det ligg føre budsjett (med beløp) på slik avsetjing.

Rekneskapsresultat

Ut frå avklaringa ovanfor, rår dagleg leiar til at rekneskapen for 2014 vert avslutta på same måte som dei føregåande åra:

- Netto forbruk er kr 198.565,81 under budsjettet. Dette vert avrekna mot tilskot frå eigarkommunane i 2015.

I den framlagde rekneskapen, er det teke omsyn til dette.

Andre tilhøve

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av tolv menn og tre kvinner. Blant varamedlemene er det seks menn og ni kvinner.

Skader/ulukker

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2014.

Underskrifter

Førde, 25.3.2015

Jorunn Blom Aalen

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Stig Bakke

Stig Bakke, Bremanger

Torbjørn Nes Hjelle

Torbjørn Nes Hjelle,
Eid

Magne Norddal

Magne Norddal, Fjaler

(forfall), Flora

Terje Engvik

Terje Engvik, Førde
(leiar)

Joar Aarnes

Joar Aarnes, Gaular

Per Jarle Myklebust

Per Jarle Myklebust,
Gloppen

Lars Atle Larsen

Lars Atle Larsen, Gulen

Jon Åge Torheim

Jon Åge Torheim, Hornindal

(forfall), Hyllestad

Johannes Juklestad

Johannes Juklestad,
Jølster

(forfall), Naustdal

Birger Hjønnvåg

Birger Hjønnvåg,
Solund

Rune Myklebust

Rune Myklebust, Stryn

SEKOM-sekretariat

Arbeidsplan 2015 og 2016



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015
Saksnummer: 004/15: Samrøystes vedteken.
Referanse: 15/398

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Verksemda har 2 tilsette i heile stillingar:

- Dagleg leiar Arnar Helgheim
- Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme

Bakgrunnsinformasjon

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Denne registreringa er utgangspunkt for etterjustering av tilskot frå kvar av eigarkommunane.

Vedtektene gir styret rett til mellom anna:

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel

Vedtekter og samarbeidsavtale ligg på nettsidene www.sekom.no

Styrande organ

Styret har 15 medlemar. Ein frå kvar av eigarkommunane. 5 av styremedlemene er valde til å utgjere arbeidsutval. Terje Engvik (Førde) er styreleiar og Siv L Rotevatn (Eid) er nestleiar.

Vi legg opp til to styremøte og eitt møte i arbeidsutvalet pr år:

- Styremøte i samband med rekneskap, årsmelding med meir ca mars månad
- Styremøte i samband med budsjett for neste år ca oktober månad

- Arbeidsutvalsmøte om løns- og arbeidsvilkår og evt andre tilhøve ca juni måned

Ytterlegare møte ved behov etter avtale med styreleiar.

Løpande arbeidsoppgåver

Oppsummering av løpande oppgåver som ligg til SEKOM-sekretariat:

- Førebu saker til handsaming i kontrollutvala. Utgreie relevante tilhøve slik at utvalet har eit best mogeleg grunnlag for si handsaming.
- Praktisk gjennomføring av kontrollutvalsmøta
- Post, sak og arkivfunksjon for kontrollutvala.
- Ha kontakt og samarbeid med kommunane sine revisorar.
- Drøfte og samarbeide med revisor om spesielle moment som revisor gjer merksam på ved gjennomgang av årsrekneskapen. Særleg atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga.
- Ha kontakt med administrasjonen i kommunane om aktuelle saker og informasjon til kontrollutvala.
- Fagleg oppdatering og utvikling. Dei tilsette deltek på aktuelle kurs og konferansar innan fagområdet. SEKOM-sekretariat er aktiv deltakar i sekretariatsforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Sjå også tabellen «Kontrollutvala – aktuelle saker» som ligg til slutt i arbeidsplanen.

I utgangspunktet legg vi opp til same møtefrekvens i kontrollutvala som det har vore dei seinaste åra:

Kommunar	Møte pr år
Flora og Førde	8
Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn	5
Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund	4

Det vert sett opp ekstra møte ved behov, etter avtale med kvart utval / utvalsleiar. Samla møteplan vert oppdatert jamleg og er publisert på SEKOM-sekretariat si nettside.

Prioriterte arbeidsoppgåver

Oppgåver som er særskilt prioriterte i 2015 og 2016.

Oppstart etter kommunevalet

Mål:

- Dei nye kontrollutvala skal vere operative raskast mogeleg.
- Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Tiltak:

- Sende ut informasjon om val av kontrollutval ved konstitueringa til alle eigarkommunane ca 1. september.

- Oppstartmøte for alle utvala innan utgangen av 2015. Fokus på å «bli kjent». Enkel presentasjon av SEKOM-sekretariat og revisjonsselskapet i tillegg til ei første innføring i kontrollutvalet sine oppgåver.
- Alle kontrollutvala deltek på fylkesomfattande opplæring tidleg i 2016.
- Lage opplegg for vidare opplæring og utvikling av kontrollutvala til neste årsplan. Dette kan t.d. vere fellessamling for nokre eller alle kontrollutvala i vårt område.
- SEKOM-sekretariat ønskjer å få høve til å presentere selskapet og kontrollutvalsfunksjonen for kvart kommunestyre. Seinast før sommaren 2016. Vi kontaktar nyvalde ordførarar om dette etter konstitueringa hausten 2015.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Mål:

- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal vere handsama av kontrollutvala sinast oktober 2016.
- Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.

Tiltak:

- Samarbeid med dei to revisjonsselskapa allereie frå vinteren 2015 om overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.
- Utnytte både sekretariatet og revisjonsselskapa sine ressursar på ein effektiv måte gjennom samarbeid på tvers av kommunane.
- Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.
- Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa. Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.

Informasjonsarbeid

Mål:

- Alle dokument som kan vere offentlege skal vere både offentlege og tilgjengelege.
- Kontrollutvalet sine dokument skal vere minst like lett tilgjengelege for omverda som dokument i eigarkommunane.

Tiltak:

- Vidareutvikle bruken av Acos sine løysingar: Infolink (nettsida) og WebSak (sak/arkivsystem).
- Nyheitssak på kommunane sine nettsider med innkalling og sakliste til kontrollutvalsmøta. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Kontrollutvalet som eit synleg, fast meny punkt på kommunane sine nettsider. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Søkbar postjournal på nettsida med inn- og utgåande dokument tilgjengelege for direkte nedlasting.

- Samarbeide med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om å oppgradere Infolink. Inkludert i dette er ein (for SEKOM) ny modul «Innsyn» med søke- og publiseringsfunksjon på linje med kommunane (Sjå økonomi).
- Førespurnadar om innsyn og dokumentasjon som gjeld kontrollutvalet svarast på seinast dagen etter dei er komne inn.

Økonomi

Styret vedtok budsjett den 1. oktober 2014. Rekneskap for 2014 vert lagt fram i same møte som denne årsplanen. I budsjettet er det kr 40.000 som er sett av til reserverte løyvingar i tillegg til ordinære løns- og driftspostar.

Innanfor det vedtekne budsjettet, vert tilleggsmodulen «Innsyn» for vidareutvikling av nettsida prioritert. Etter tilbod frå Acos, har denne eingongskostnad på ca kr 55.000 i 2015. Årleg lisens er på kr 8.000.

Tabell med utdrag frå rekneskap og budsjett dei seinaste åra. Både i 2013 og 2014, var det periode med vakanse i stillingane som påverkar sum lønsutgifter desse åra.

	R2013	B2014	R2014 (ca)	B2015
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000	1 839 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000	587 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000	2 426 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000	-31 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000	2 395 000

Kontrollutvala – aktuelle saker

Sak	Heimel	Merknad	KU si rolle	Månad														
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D			
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak															
Revisor si uavhengigheit	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak															
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding															
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding															

Rekneskapsaker

Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale															
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale															
Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting															
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting															
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale															

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Overordnad analyse	F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden	Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr.																
Plan forvaltningsrevisjon	F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden		Tilråding															
Val av prosjekt forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.	Delegert i plan for forvaltningsrevisjon	Vedtak															
Rapport forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.		Tilråding															
Plan selskapskontroll	F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden		Tilråding															
Val av prosjekt selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6	Delegert i plan for selskapskontroll	Vedtak															
Rapport selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6		Tilråding															
Andre revisionsrapportar			Tilråding															

Skriv og meldingssaker

Skatterekneskapen																		
Årsrapport SEKOM																		
Årsrapport revisjonsselskap																		
Oppfølgingsliste		Oppdatert for kvart møte																
Tilsynsrapportar Fylkesmannen		Til informasjon og evt. Oppfølging																

Andre saker som kan vere aktuelle

KU kan ta opp andre saker																		
Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm.	Kml. §80.																	
Oppfølging revisionsmerknader	Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8																	
Orienteringar frå revisor		Utvalet kan etterspørre																
Orienteringar frå rådmann eller andre i		Utvalet kan etterspørre																
Opplæring / fagleg påfyll kontrollutval		Utvalet kan etterspørre																



SEKOM sekretariat

Vår ref.
15/123-2/K3-&14//TOM

Dykkar ref.

Dato:
07.04.2015

Årsmelding 2014 for kontrollutvalet - Kommunestyret si handsaming

Kommunestyret behandla Kontrollutvalet si årsmelding den 12.03.2015, sak KST-012/15:

Det vart gjort slikt vedtak:

Årsmelding 2014 for Bremanger kontrollutval vert godkjend.

For nærare orientering følgjer kopi av møteboka vedlagt.

Med helsing



Tom Joensen
Rådmann

Vedlegg.



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

Styre, råd, utval
Kommunestyret

Behandlingsdato
12.03.2015

Saksnr.
012/15

Sakshands.
TOM

Avgjerd av: Saksansv.: Tom Joensen	Arkiv: K3-&14	Arkivsaknr.: 15/123
---	-------------------------	-------------------------------

Årsmelding for kontrollutvalet 2014

Dokumentliste:

Vedlegg :

Dok.nr	Tittel på vedlegg
97520	05 15 Årsmelding 2014 - Bremanger kontrollutval - vedtak og utgreiing.pdf
97521	Årsmelding Bremanger kontrollutval 2014.pdf

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2014 for Bremanger kontrollutval vert godkjend.
.....

12.03.2015 Kommunestyret

KST-012/15 Vedtak:

Årsmelding 2014 for Bremanger kontrollutval vert godkjend.

.....

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommuneloven
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar

Saka gjeld:

Godkjenning av årsmelding 2014 for kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalet sitt møte den 27.05.2013, sak 15/14, vart årsmelding 2014 for kontrollutvalet handsama. Framlegg til årsmelding vart godkjend og send over til kommunestyret med slik tilråding:

Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet vert vedteken.

Årsmeldinga for kontrollutvalet er eit ledd i rapporteringa frå kontrollutvalet til kommunestyret, jf. kommuneloven § 77, pkt. 6.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven om har vore sekretariat for utvalet, oppgåvene til utvalet etter kommuneloven § 77 og forskrifta til denne, omtale av saker som har vore handsama, samt informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal godkjennast av kommunestyret.

Vurdering:

Rådmannen syner til kontrollutvalet si tilråding: «**Framlegg til årsmelding datert 2.1.14, vert godkjent.**»



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfktr@fylkesmannen.no

Vår dato
07.04.2015
Dykkar dato
12.03.2015

Vår referanse
2015/822 - 323
Dykkar referanse
15/622-2/K1-/TOM

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Bremanger kommune – lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 60/14 om endring av årsbudsjettet 2014

Fylkesmannen varsla 25.02.2015 om lovlegkontroll av endringa i årsbudsjettet som vart vedteke i kommunestyresak 60/14. Vi mottok 12.03.2015 skriv frå kommunen med utfyllande opplysningar om bakgrunnen for kompensasjonen, og korleis kommunen har vurdert føringa av summen på kr 171 773 000 i rekneskapen etter budsjettendringa i 2. tertial 2014.

Fylkesmannen sitt vedtak:

Bremanger kommune sitt vedtak om budsjettendring i sak 60/14 er ugyldig og blir oppheva. Saka må handsamast på nytt av kommunestyret.

Generelt om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 59 er departementet gitt mynde til å kontrollere avgjerder frå folkevald organ og kommunal eller fylkeskommunal administrasjon. Fylkesmannen er delegert mynde til å utføre lovlegkontroll, jf. rundskriv H-25/92. Kontrollen er avgrensa til å prøve om avgjerda er lovleg, jf. § 59 nr. 5. Rettleiar H-2299 gir retningsliner for lovlegkontrollar med kommunale avgjerder.

Lovlegkontroll er grunna i omsynet til rettssikkerheit, fagleg kvalitet på avgjerder i forvaltninga, omdømmet til forvaltninga og behovet for å ta i vare grunnleggande nasjonale målsettingar. Avgjerda som blir kontrollert må vere endeleg og ta stilling til realiteten i saka.

Fylkesmannen skal prøve om avgjerda

- er gjort av rett organ
- er blitt til på lovleg måte
- er lovleg i sitt innhald

Avgjerda skal opphevast dersom det er gjort slike feil at ho er ugyldig.

Bakgrunnen for saka

Bremanger kommune har fått ein stor eingongskompensasjon etter at Statkraft Energi selde kraftverka Svelgen I og II med tilbehør til SFE/Svelgen kraft. Kommunen hadde rett til 1/3 av salssummen. Summen erstatta kommunen sine framtidige årlege utbytteinntekter (heimfallsinntekter) frå Svelgen I og II.

Fylkesmannen har registrert at kommunen har vedteke ei budsjettregulering i 2. tertial i 2014 som følgje av kompensasjonen, og deretter ført inntekta i driftsrekneskapen for 2014. Spørsmålet i saka er om budsjettendringa er lovleg som følgje av at eingongskompensasjonen er bokført i drifta, eller om inntekta skal førast i investeringsrekneskapen.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kommunen gir i si vurdering i brev av 12.03.2015 uttrykk for at dei vanlege kommunale rekneskapsreglane talar for at kompensasjonen skal bli ført i investeringsrekneskapen. Samstundes hevdar kommunen at andre argument talar for føring av inntekta i driftsrekneskapen. *Oppsummert viser kommunen til at inntekta blir brukt til å saldere tidlegare års underskot, og urealisert tap i 2014 på derivatavtalar med Danske Bank. Kommunen vil dermed ikkje nytte inntekta til å legge seg på eit høgt driftsnivå – som er omsynet bak regelverket for føring av ei slik inntekt i investeringsrekneskapen. I tillegg hevdar kommunen at ei bokstavtru tolking av rekneskapsregelverket vil vere i strid med den kommunale sjølvråderetten, og at ein bryt eit grunnleggjande prinsipp i rekneskapslova som gjer at føringa blir strengare for kommunane enn for andre rettssubjekt.*

Regelverk for kommunal budsjettering og rekneskapsføring

Kommunelova § 45 omhandlar krav til førebuing, vedtak av og endringar i kommunen sitt årsbudsjett.

Kommunelova § 46 set krav til innhaldet i årsbudsjettet. Det går fram av § 46 nr. 5 at årsbudsjettet skal vere inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel. Det er gitt nærare reglar om årsbudsjettet i forskrift om årsbudsjett frå 15.12.2000 nr. 1423.

Reglane om årsrekneskap går fram av kommunelova § 48, og tilhøyrande forskrift om årsrekneskap frå 15.12. 2000 nr. 1424.

Rekneskapsforskrifta § 3 omhandlar skilje mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen i kommunane. Det går fram av denne regelen kva som skal førast i dei to rekneskapane, herunder at ikkje løpande inntekter skal førast i investeringsrekneskapen. Kommunal rekneskapsskikk (KRS) (F) nr. 4 gir kriteria for å klassifisere ein inntekt som ikkje løpande. Desse kriteria er å rekne som rettleiande, og gir uttrykk for gjeldande god kommunal rekneskapsskikk, jf. kommunelova § 48 andre punkt siste setning.

I KRS del 4.3 pkt. 1 går det fram at ei inntekt skal klassifiserast som ikkje løpande dersom ho er uvanleg, uregelmessig og vesentleg. I del 5 punkt 6, blir det tilrådd at inntekter ved sal av varige driftsmidlar og immaterielle eigendeler skal førast i investeringsrekneskapen.

Fylkesmannen si vurdering

Vedtaket i kommunestyresak 60/14 er utvilsamt eit vedtak som avgjer realiteten i saka. Vilkåret for lovlegkontroll er dermed til stades.

Spørsmålet i saka er om vedtaket er lovleg i sitt innhald, med andre ord om vedtaket av budsjettendringa der den omtala eingongskompensasjonen blir ført i driftsbudsjettet, er lovleg.

Det er reglane i kommunelova med forskrifter og standardarar som er gjeldande for kommunane sine budsjett og rekneskap. *Rekneskapslova* gjeld ikkje for kommunane. Det betyr at rekneskapslova ikkje kan nyttast som heimelsgrunnlag for lovleg budsjettering og rekneskapsføring i kommunen.

Korleis kommunen kan dekkje eit meirforbruk i drifta er ikkje avhengig av korleis meirforbruket har oppstått, t.d. om det har årsak i drift av tenester eller eit finansielt underskot.

Eit meirforbruk i drifta skal alltid dekkast med same type midlar, altså driftsmidlar som må vere løpande, jf rekneskapsforskrifta § 3. Vurderingane som kommunen har gjort etter prinsippet om formuebevaring, er såleis ikkje relevante i denne samanhengen.

Kommunen viser til den spesielle situasjonen dei er i, med eit stort akkumulert meirforbruk som ei forklaring på føring av eingongskompensasjonen i driftsrekneskapen. Det blir vist til at føring i investeringsrekneskapen vil få konsekvensar for tenestene til innbyggjarane.

Fylkesmannen vil streke under at reglane for rekneskapsføring er heilt klare, og ikkje kan sjåast vekk i frå med grunnlag i ein vanskeleg kommuneøkonomi. Krava til budsjettering og rekneskapsføring av ikkje løpande inntekter gjeld såleis fullt ut for Bremanger kommune.

I vår vurdering legg vi derfor til grunn:

- Kommunelova om årsbudsjettet § 45, § 46 nr. 5 og årsrekneskapen § 48 nr. 2
- Forskrift om årsbudsjett for kommunar og fylkeskommunar, § 2 og § 5
- Forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar, § 3
- KRS (F) nr. 4 del 4.3

Etter lov, forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk konkluderer Fylkesmannen at eingongskompensasjonen for framtidige heimfallsinntekter er ei uvanleg, uregelmessig og vesentleg inntekt som ikkje er løpande. Inntekta på kr 171 773 000 kan såleis ikkje budsjetterast eller rekneskapsførast i drifta.

Vedtak:

Bremanger kommune sitt vedtak om budsjettendring i sak 60/14 er ugyldig og blir oppheva. Saka må handsamast på nytt av kommunestyret.

Fylkesmannen si avgjerd er endeleg og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: KRYSS Revisjon (postmottak@kryssrevisjon.no)

Fra: Terje Førde
Sendt: 8. april 2015 11:31
Til: Sekom postmottak
Kopi: Trine Vokuhl
Emne: VS: Bremanger kommune - lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 60/14 om endring av årsbudsjettet 2014
Vedlegg: Bremanger kommune - lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 60 14 om endring av årsbudsjettet 2014.pdf

Vidaresender brevet som vi i dag har motteke frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedr. erklæring om ugyldig vedtak i budsjettreguleringssak kring heimfallsinntekter mv; vedtak i Bremanger Kommunestyre. Ettersom vi nettopp har fått dette tilsendt har vi ikkje fått sett oss inn i kva konsekvensar dette vil kunne få for årsoppgjøret og årsrekneskapen for kommunen for 2014. På noverande tidspunkt har vi heller ikkje vore i kontakt med administrasjonen kring korleis dei vil handtere saka framover. Vi har som kjent motteke komplett årsrekneskap og årsmelding frå kommunen, som er oversendt KU/SEKOM tidlegare. Korleis vi no skal forholde oss til årsoppgjøret for kommunen for 2014, er noko vi må kome attende til. Viser til filvedlegget, til orientering for SEKOM og KU i Bremanger.

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no <<mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no>>



Fra: Træen, Kåre [<mailto:fmsfktr@fylkesmannen.no>]

Sendt: 8. april 2015 11:02

Til: Terje Førde

Emne: Bremanger kommune - lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak i sak 60/14 om endring av årsbudsjettet 2014

KRYSS-revisjon

Bremanger kommune - vedlagt ligg brev om vedtak etter lovlegkontroll av kommunestyresak 60/14.

Med helsing

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

v/ Kåre Træen

seniorrådgjevar

Tlf. 57643004 - 97757956

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 24.04.2015	Saksnr 015/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/385
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
24.03.2015	Avvikshandtering og internkontroll	1992
27.03.2015	10. 15 Brev til rådmannen - Avvikshandtering og internkontroll (1970_1_P).pdf	1993
27.03.2015	10.15 Endeleg rapport forundersøking avvikshandtering i Bremanger kommune.pdf (L)(3200).pdf	1994
27.03.2015	10.15 Forvaltningsrevisjon Avvikshandtering - statusrapport Vedtak og utgreiing.pdf	1995

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

A) Uttale frå kontrollutvalet

1. Forundersøkinga viser at Bremanger kommune ikkje på tilfredstillande måte følgjer kommunelova § 23 om betryggande kontroll av kommunen si verksemd.
2. Etter utvalet si meining, bør det setjast i verk strakstiltak for å komme i samsvar med lovverket. Dokumentasjon av avvik og rutinar for handsaming av desse må ligge føre snarast.
3. Kontrollutvalet meiner rådmannen bør gi kommunestyret meir informasjon om langsiktige tiltak. Særleg om strategi for implementering av kvalitetssystem, med spesielt fokus på kulturbygging rundt registrering og behandling av avvik.
4. Kontrollutvalet vil kalle rådmannen inn for ny orientering om status hausten 2015.
5. Kontrollutvalet utset forvaltningsrevisjon om avvikshandtering.

B) Tilråding til kommunestyret

1. Rapport frå forundersøking om avvikshandtering i Bremanger kommune datert 20.3.15, vert teken til orientering.
2. Rådmannen utbetrar manglane knytt til kommunelova sine reglar om betryggande kontroll og orienterer kommunestyret om arbeidet innan utgangen av 1. halvår 2015 med fokus på:
 - a. Kortsiktige tiltak.
 - b. Langsiktige tiltak, spesielt strategi for implementering og kulturbygging.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om arbeidet med avvikshandtering og kvalitetssystem i løpet av 2. halvår 2015.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 10/15 den 20. mars:

BRE-010/15 Vedtak:

Sekretariatet utformar brev til administrasjonen. Brevet vert sendt til kontrollutvalsmedlemane for innspel før det vert sendt. I brevet vert det påpeika manglande oppfølging av kommunelova § 23 og etterspurt kva som vert gjort for å følgje dette opp.

Kontrollutvalet ber om strategi for alle sider av implementering av kvalitetssystem. Særleg fokus på kulturbygging rundt avvik.

Forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.

Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.

E-post og brev med spørsmål vart sendt til rådmannen den 24. mars. Rådmannen ønskjer ikkje å svare skriftleg på brevet frå kontrollutvalet, men han har stadfesta at han møter i kontrollutvalet den 24. april.

Rapporten frå KRYSS Revisjon vart delt ut i møte den 20. mars og var såleis også bakgrunn for dei spørsmåla som kontrollutvalet sende til rådmannen. I denne saka, legg vi opp til at kontrollutvalet tek stilling til korleis saka bør handsamast vidare.

Klipp frå rapporten der tilhøvet til kommunelova sin paragraf 23 er omtala:

Utfordringa med dagens system er at det er eit gjennomgåande manuelt system. Det tyder at ein ikkje har elektroniske rutinar som fangar opp og sikrar revisjon og vedlikehald av rutineverket. Når situasjonen er slik, er det særskilt krevjande for rådmannen å halde oversikt og ha kontroll med at avvik vert registrert og følgt opp i kommuneorganisasjonen. Dette er ikkje tilfredsstillande sett i lys av kommunelova § 23 der det står: *Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Klipp frå revisor sine vurderingar knytt til gjennomføring av forvaltningsrevisjon og avvikshandteringa i kommunen:

Når vi får informasjon om at rådmannen var involvert i to avvik, der politi- og påtalemynde overtok saka, er det ikkje mykje for oss å utføre forvaltningsrevisjon på. Det blir lite og ingenting å faktisk kontrollere i høve problemstillinga. Svaret er på ein måte kjend. Bremanger kommune har ikkje ein fungerande kultur eller systematikk for handtering av avvik. Det vert innført i desse dagar. I den samanheng vil vi understreke at vi meiner arbeidet med å innføre standardar, skjema og rutiner berre er ein del av jobben. Skal kommunen lukkast med å utvikle seg og tenestene via kvalitetsdokument og rutiner for handtering og læring av rapporterte avvik, bør ein ha i mente at ein jobbar med haldningar og kultur blant dei tilsette. Dei tilsette må overbevisast om at det er til alle sitt beste å rapportere avvik som skjer. Det må slik vi ser det, etablerast ein kultur der dei tilsette har tillit til at feil og manglar som vert rapportert, faktisk er essensielt viktig i arbeidet med å bli ein betre kommune og tenesteprodusent.

Kontrollutvalet har ikkje instruksjonsmynde overfor rådmannen og sekretariatet meiner det naturlege er at saka no vert sendt over til kommunestyret. I mange høve, vil ei forundersøking der ein ikkje går vidare til full forvaltningsrevisjon berre verte sendt til kommunestyret som orienteringssak. I denne saka, meiner vi funna i forundersøkinga er slik at dette ikkje er tilfredstillande handsaming. SEKOM-sekretariat rår difor kontrollutvalet til å sende saka over til formell handsaming i kommunestyret.

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet gjer vedtak der ein både oppsummerer kva som er kome fram i forundersøkinga og gir ei tilråding til kommunestyret. Reint praktisk, har vi difor laga ei tilråding i 2 deler:

- Del A: Kontrollutvalet si oppsummering av funna.
- Del B: Kontrollutvalet si tilråding til vedtak i kommunestyret.

Vi legg dermed opp til at det er del B som er den formelle tilrådinga til kommunestyret. Del A vil vere utfyllande som bakgrunn for tilrådinga, saman med rapport frå forundersøkinga og denne saksutgreiinga.

I uttaledelen (del A) rår vi til ein ordlyd der kontrollutvalet summerer opp kva som er kome fram i arbeidet med forundersøking til forvaltningsrevisjon om avvikshandtering. I tilrådinga til uttaledelen, har sekretariatet teke med desse punkta:

- Ikkje tilfredstillande oppfølging av kommunelova § 23 om betryggande kontroll
- Iverksetjing av strakstiltak
- Informasjon om langsiktige tiltak
- Ny orientering i kontrollutvalet hausten 2015
- Utsetjing av full forvaltningsrevisjon (i tråd med vedtak i førre møte).

I tillegg til uttaledelen, rår vi til ein del med tilråding (del B). Dette er framlegg til det som kontrollutvalet kan tilrå kommunestyret å gjere som formelt vedtak i saka. Denne delen av tilrådinga er delt i 3 hovudpunkt:

- Rapporten vert teken til orientering
- Pålegg til rådmannen om å utbetre manglane
- Orientering frå rådmannen til kontrollutvalet 2. halvår 2015

Fra: Arnar Helgheim
Sendt: 24. mars 2015 12:59
Til: 'tom.joensen@bremanger.kommune.no'; 'Bremanger kommune (post@bremanger.kommune.no)'
Kopi: 'Gulestøl Harry (harry.gulestol@elkem.no)'; 'Leo Cirotzki (leo.cirotzki@elkem.no)'; 'Henny Hansen (ynneh2003@yahoo.no)'; 'inger.rise.hallset@eninvest.net'; 'Nordbotten Rune (run-norb@online.no)'; 'Årøen Joar (joar.aroen@etrygg.no)'
Emne: Avvikshandtering og internkontroll

Hei

I kontrollutvalsmøte den 20.mars, vedtok utvalet følgjande i sak 10/15 og avvikshandtering:

Sekretariatet utformar brev til administrasjonen. Brevet vert sendt til kontrollutvalsmedlemene for innspel før det vert sendt. I brevet vert det påpeika manglande oppfølging av kommunelova § 23 og etterspurt kva som vert gjort for å følgje dette opp.

Kontrollutvalet ber om strategi for alle sider av implementering av kvalitetssystem. Særleg fokus på kulturbygging rundt avvik.

Forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.

Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.

Jf vedlagde brev, treng sekretariatet tilbakemelding seinast 16. april knytt til:

1. Tal avvik innan adm/stab, teknisk, helse og oppvekst
2. Langsiktige tiltak, spesielt strategi for implementering / kulturbygging

Vedlegg til e-posten:

- Brev til rådmannen
- Endeleg rapport frå forundersøking ved KRYSS Revisjon
- Vedtak og utgreiing i KU-sak 10/15

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 975 81 418

Tlf arbeid: 57 61 27 84

ah@sekom.no <mailto:ah@sekom.no>

Hafstadvegen 42

6800 Førde



100.115 Rhesusfil
n&hmannsm - @w...report forwunde...



100.115 Einleitung



100.115
Forschungszeiti...

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Bremanger kommune ved rådmann Tom Joensen

Dato: 24.03.2015
Vår referanse: 15/594
Arkiv: FE-217, Komnr-1438

Avvikshandtering og internkontroll

Bremanger kontrollutval hadde møte fredag den 20. mars. I sak 10/15, vedtok utvalet å skrive til rådmannen.

Slik kontrollutvalet vurderer forundersøkinga, ser det ut til at Bremanger kommune ikkje følgjer kommunelova § 23. Etter utvalet si meining, bør det setjast i verk strakstiltak for å komme i samsvar med lovverket.

Kontrollutvalet ber om at det vert undersøkt kor mange avvik som er dokumenterte innanfor kvart område for 2013 og 2014:

- Administrasjon/stab
- Teknisk
- Helse
- Oppvekst

Kontrollutvalet ber også om å få meir informasjon om langsiktige tiltak. Særleg om strategi for implementering av kvalitetssystem, med spesielt fokus på kulturbygging rundt registrering og behandling av avvik.

Kontrollutvalet vedtok at forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.

Rådmannen blir kalla inn til neste kontrollutvalsmøte den 24. april 2015. SEKOM-sekretariat treng attendemeldinga seinast 16. april.

Vedlagt er vedtak og utgreiing i saka, i tillegg til KRYSS Revisjon sin rapport frå forundersøking.

For Bremanger kontrollutval

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

Vedlegg:

Vedtak og utgreiing i sak 10/15
Rapport frå forundersøking ved KRYSS Revisjon

Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse: Postboks 338, 6802 Førde

Besøksadresse: Førde rådhus, 3. etasje

Org.nr: 987 631 554

Bankkonto: 3705.08.32571

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 20.03.2015 Off.: J9
Sak nr. Reg.nr.:
Arkiv: 216
Avd.kode: 018/15
Sakshandsamar *B. Ø. Østrem*

FORUNDERSØKING:

”Avvikshandtering i Bremanger kommune ”

Endeleg rapport levert den:19.03.2015

Forord

Denne forundersøkinga har sitt mandat frå kontrollutvalet sitt vedtak i sak 036/14.

I kontrollutvalssak 04/15 vart prosjektplanen godkjent. Og i det ligg også føringa for korleis og kva vi har gjort i dette oppdraget.

Vårt arbeid er difor retta mot å vurdere om det er grunnlag for å gjennomføre ein full forvaltningsrevisjon eller ein revisjonsgjennomgang på kommunen sin praksis og system for avvikshandtering.

Ein naudsynt føresetnad for å kunne gjere ein forvaltningsrevisjon etter kriteria lista i RSK 001, er at kommunen har ein praksis på området for kontrollutvalet si tinging.

Det er også i den samanheng naudsynt at revisor kan finne autoritative kjelder som grunnlag for å utleie konkrete revisjonskriterier eigna til å vurdere fakta mot.

INNHALD

1	INNLEIING	4
1.1	Mandatet til revisor	4
2	METODE	4
3	AVVIKSHANDTERING I BREMANGER KOMMUNE I 2013 og 2014	4
3.1	Fakta	4
3.2	Vurderingar	6

1 INNLEIING

Bakgrunnen for denne forundersøkinga er vedtaket som vart fatta av kontrollutvalet i Bremanger i sak 036/14, seinare operasjonalisert og presisert i vedtaket gjort i kontrollutvalssak 004/15.

1.1 Mandatet til revisor

Mandatet til revisor er jf. vedtaket i sak 036/14 dette:

Kontrollutvalet ynskjer å finne ut om det er ein godt fungerande kultur og systematikk for handtering av avvik som ein del av den løpande kvalitetsutviklinga. Revisor skal legge fram eit framlegg til prosjektplan, der vi vurderer om oppdraget bør utførast som ein forvaltningsrevisjon eller om det bør vere ein revisjonsrapport.

Kontrollutvalet ynskjer ei tilbakemelding etter ei foranalyse der omfanget av avvik i ulike einingar er kartlagt.

Kontrollperioden vert avgrensa til 2014.

Til møtet i kontrollutvalet som vart halde den 09.01.2015 hadde vi lagt fram eit framlegg til prosjektplan.

I møtet under sak 004/15 handsama kontrollutvalet prosjektplanframlegget. Vårt framlegg til prosjektplan vart vedteke slik det låg føre.

Vi har såleis på bakgrunn av vedtaket i 036/14 og vedteken prosjektplan, valt å forstå forundersøkinga som ein fagleg fundert vurdering av om kontrollutvalet bør avslutte, eller gå vidare med prosjektet. Anten som ein forvaltningsrevisjon eller som ein revisjonsundersøking, då fristilt frå krava i RSK 001.

2 METODE

Vi har løyst oppdraget med å innhente naudsynt informasjon frå rådmannen i Bremanger kommune. Informasjonen frå rådmannen som vart sendt oss som e-post, er nytta som grunnlag for vår undersøking og vår tilråding. Vi har også bedt om innspel frå rekneskapsrevisor der vi bad om eventuelle faglege innspel på tematikken avvik og avvikshandtering.

3 AVVIKSHANDTERING I BREMANGER KOMMUNE I 2013 OG 2014

3.1 Fakta

Den 26.02.2015 sendte vi ein e-post til rådmannen i Bremanger kommune der vi bad om svar på tal innrapporterte avvik frå einingane i Bremanger kommune. Vi bad også om svar på kva som har vore gjort for å lukke avvik, og kva rutiner og tiltak kommunen har gjennomført i høve evaluering og læring av innrapporterte avvik i 2013 og 2014. Svarfrist for rådmannen vart sett til 12. mars 2015.

Den 12.mars.2015 fekk vi svar frå rådmannen i form av ein e-post. Vår rapport byggjer i det vidare på den informasjonen vi har motteke frå rådmannen.

Tal innrapporterte avvik til rådmannen

I 2013 og 2014 har det vore innrapportert to avvik direkte til rådmannen.

Dette gjaldt avvik i forhold til NAV, der rådmannen i kraft av si stilling var involvert i høve melding av sak til politiet. Saksforholdet gjaldt truslar.

Det vert ikkje sagt noko meir utfyllande i svaret frå rådmannen om kva eller kven som har vorte trua, men det er naturleg å anta at desse forholda er omfatta av teiepliktreglar og politi og påtalemakta sine ansvarsområde.

Av andre avvik i kommunen nemnar rådmannen avvik i samband med HMS- rundar som har vorte rapportert til Arbeidsmiljøutvalet. Denne typen eigentilsyn og rapportering er ein fast del av kommunen sitt årshjul, skriv rådmannen.

Lukking av avvik

I høve dei to avvika som rådmannen har lista i sitt svar til oss, går det fram at avvik i høve situasjonen på NAV har vorte lukka ved melding til politiet. Når saka har vorte politimeld er ansvaret for vidare oppfølging av saka tillagt politi og påtalemynde.

Dei avvika som har vorte avdekka i samband med HMS- rundane, vert følgd opp gjennom etablering av handlingsplaner der tiltak for å lukke avvika vert initiert. I desse handlingsplanane vert ansvar for gjennomføring av tiltaket med tidsfrist klårgjort.

Rutinar og tiltak i høve evaluering og læring av innrapporterte avvik i 2013 og 2014

Når det gjeld kva rutinar og tiltak Bremanger kommune har gjennomført i høve evaluering og læring av innrapporterte avvik i 2013 og 2014, skriv rådmannen at det ikkje har vorte gjort spesielle fellestiltak i desse åra. Slik vi forstår det, tyder det at evaluering av og læringstiltak på bakgrunn av avdekka avvik, ikkje har vore ein del av dagsordenen og drifta av kommunen i desse åra. Og om det har vore debattert og drøfta har det ikkje i såfall vore initiert av rådmannen eller på kommunalsjefnivå. Rådmannen har då heller ikkje i så tilfelle blitt orientert frå einingane om slike evalueringar. Dette er ein følgje av kommunen sin praksis med at alle avvik skal avklarast og lukkast på lågast mogleg nivå. Det vert difor veldig avgrensa kva informasjon rådmannen får om avvik og kva som er gjort for å lukke desse.

I og med at dagens system er heilt manuelt, er det heller ikkje mogleg å generere rapportar med oversikt over tal og typar avvik og kor dei oppstår.

Når ein les svaret på vår e-post til rådmannen der vi bad om tilbakemelding på avvikshandteringa i Bremanger kommune, ser ein raskt at rådmannen fastslår at kommunen pr i dag ikkje har noko tilfredsstillande kvalitets- og avvikssystem.

Utfordringa med dagens system er at det er eit gjennomgåande manuelt system. Det tyder at ein ikkje har elektroniske rutinar som fangar opp og sikrar revisjon og vedlikehald av rutineverket. Når situasjonen er slik, er det særskilt krevjande for rådmannen å halde oversikt og ha kontroll med at avvik vert registrert og følgd opp i kommuneorganisasjonen.

Dette er ikkje tilfredsstillande sett i lys av kommunelova § 23 der det står: *Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnende instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Eksterne tilsyn

I 2013 og 2014 har ekstern tilsynsmynde som fylkesmannen, arbeidstilsynet og e- tilsynet hatt tilsyn innafor sine ansvarsområde i Bremanger kommune.

Nytt elektronisk kvalitets- og avvikssystem i Bremanger kommune

For å bøte på dagens utilfredsstillande kvalitets- og avvikssystem, har Bremanger kommune kjøpt inn kvalitets- og avvikssystemet Kvalitetslosen. Kvalitetslosen er eit elektronisk kvalitets- og avvikssystem som skal ivareta kommunen sitt behov for ein felles standard for kvalitetsutvikling og kvalitetssikring for alle tilsette og mottakarar av kommunale tenester.

I det nye systemet skal innmelde avvik nyttast i arbeidet med å forbetre tenesteproduksjonen og kvaliteten på utførde tenester.

Rådmannen understrekar at prosjektfasen dei er inne i no, har som målsetting at alle tilsette innan 31.12.2015 skal ha tilgang til og fått naudsynt opplæring i bruken av Kvalitetslosen.

Vedlikehald og administrasjon av systemet skal definerast og roller vere nedteikna i ei eiga kvalitetshandbok i løpet av 2015.

I 2016 skal erfaring frå bruken av Kvalitetslosen vere evaluert to gonger. Det skal skje i juni og desember.

For å sikre legitimitet og eigarskapskjensle til systemet, skal arbeidet med å implementere systemet utførast i delprosjekt der kvar eining får oppdraget med å redigere og legge inn sine kvalitetsdokument. Dette arbeidet skal jf. rådmannen gjennomførast innanfor kvar eining si budsjetttramme.

Eit viktig overordna prisnipp i implementeringa av systemet, er at det vert nytta felles dokumentasjon for einingar som leverer same type tenester til brukarane. For å sikre god framdrift i prosjektet er det etablert eigen prosjektorganisasjon som mellom anna styrer og overvakar utrulling og implementering av systemet.

Det vert vidare streka under av rådmannen at ein er godt i gang med registreringsarbeidet og det skal iverksetjast opplæring av 20 superbrukarar ute i einingane den 20. mars 2015.

3.2 Vurderingar

I høve spørsmålet om kor vidt vi bør starte ein forvaltningsrevisjon eller revisjonsgjennomgang på avvikshandtering i 2013 og 2014, er det fleire forhold som må vurderast.

Eit sentralt grunnlag for revisor si utføring av forvaltningsrevisjon, er at det er mogleg å utleie kriterier eigna til å svare på problemstillinga. Slik vi ser det er det ikkje mogleg å finne lokalt forankra kjelder for utleiing av kriterier for åra 2013 og 2014. Det vi då står igjen med, er kommunelova § 23, og rådmannen sitt ansvar for å drifte administrasjonen etter lov, forskrift, overordna instruks og betryggande eigenkontroll.

Slik vi vurderer rådmannen sitt svar til oss på våre spørsmål om avvik og avvikshandtering i Bremanger kommune i 2013 og 2014, seier han med reine ord at kommunen ikkje har noko tilfredsstillande system for kvalitets- og avvikshandtering.

I det svaret ligg det etter vår vurdering ein erkjenning av at kommunen ikkje brukte tid og ressursar på dette feltet i 2013 og 2014.

Når vi får informasjon om at rådmannen var involvert i to avvik, der politi- og påtalemynde overtok saka, er det ikkje mykje for oss å utføre forvaltningsrevisjon på.

Det blir lite og ingenting å faktisk kontrollere i høve problemstillinga. Svaret er på ein måte kjend. Bremanger kommune har ikkje ein fungerande kultur eller systematikk for handtering av avvik.

Det vert innført i desse dagar. I den samanheng vil vi understreke at vi meiner arbeidet med å innføre standardar, skjema og rutiner berre er ein del av jobben. Skal kommunen lukkast med å utvikle seg og tenestene via kvalitetsdokument og rutiner for handtering og læring av rapporterte avvik, bør ein ha i mente at ein jobbar med haldningar og kultur blant dei tilsette. Dei tilsette må overbevisast om at det er til alle sitt beste å rapportere avvik som skjer. Det må slik vi ser det, etablerast ein kultur der dei tilsette har tillit til at feil og manglar som vert rapportert, faktisk er essensielt viktig i arbeidet med å bli ein betre kommune og tenesteproducent.

Det er etter vårt syn viktig at arbeidet med dei tilsette i denne prosessen også gjev tillit til at det er sterkt ønska frå leiarnivå med ærleg og korrekt avviksrapportering. Det vil krevje metodisk arbeid frå leiarnivåa og vi meiner det i den samanheng vert viktig å ta signal og usikkerheit kring prosjektet opp raskt.

Tilråding: Vi rår kontrollutvalet til å ikkje gå vidare med tinging av full forvaltningsrevisjon eller revisjonsgjennomgang av prosjektet «Avvikshandtering i Bremanger kommune.

Førde, den 20.03.2015


(underskrift)

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 20.03.2015	Saksnr 010/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 14/385
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering - statusrapport

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Det vert sett opp ekstra møte i kontrollutvalet for å handsame forprosjekt den 23. april.

Handsaming i Bremanger kontrollutval 20.03.2015:

Rapport frå Forundersøking datert 19.3.15, ved KRYSS Revisjon vart delt ut i møtet.

Framlegg i møtet:

Sekretariatet utformar brev til administrasjonen. Brevet vert sendt til kontrollutvalsmedlemane for innspel før det vert sendt. I brevet vert det påpeika manglande oppfølging av kommunelova § 23 og etterspurt kva som vert gjort for å følgje dette opp.

Kontrollutvalet ber om strategi for alle sider av implementering av kvalitetssystem. Særleg fokus på kulturbygging rundt avvik.

Forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.

Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

BRE-010/15 Vedtak:

Sekretariatet utformar brev til administrasjonen. Brevet vert sendt til kontrollutvalsmedlemane for innspel før det vert sendt. I brevet vert det påpeika manglande oppfølging av kommunelova § 23 og etterspurt kva som vert gjort for å følgje dette opp.

Kontrollutvalet ber om strategi for alle sider av implementering av kvalitetssystem. Særleg

fokus på kulturbygging rundt avvik.

Forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.

Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.

Saksutgreiing:

KRYSS Revisjon har meldt tilbake til sekretariatet at forundersøking ikkje er klar til møte den 20. mars. Etter avtale med leiaren, vert det likevel sett opp ei sak med statusrapport frå prosjektet. Vedlagt er statusoppdatering frå KRYSS Revisjon ved forvaltningsrevisor Charles Litsheim. Revisor vert også kalla inn til møtet.

Det kan vere aktuelt å ta eit ekstra møte i kontrollutvalet i midten av april. Sekretariatet foreslår torsdag 23. april. Alternativ som høver for sekretariatet: 22., 24. eller 27. april. Vi har avklara med revisor at rapporten frå forprosjektet ligg føre til handsaming dersom det vert sett opp ekstra møte på ein av desse datoane.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 24.04.2015	Saksnr 016/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 15/202
---	-------------------------------------	-------------------------------

Eigarskapsmelding - orienteringssak

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjon frå rådmannen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til sak 09/15, skriv og meldingar:

Eigarskapsmelding

Til neste møte ber utvalet om ei orientering frå rådmannen om Bremanger kommune si eigarskapsmelding. Fokus på strategi og korleis ein utøver eigarskapen t.d. i forhold til representantskapsmedlemar og styrande organ i selskapa. Korleis sikrar ein opplæring til og tilbakemelding frå dei som representerer kommunen?

SEKOM-sekretariat

Saksgang Bremanger kontrollutval	Møtedato 24.04.2015	Saksnr 017/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1438	Arkivsaknr.: 15/31
---	-------------------------------------	------------------------------

Oppfølgingsliste og merknader 3 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvals- arbeid tiltak (05/09)	18.03.09	18.03.09 Vedtak KU – tiltak gjennomført. 18.03.09: Brev til adm om tiltak ku-arbeid. -Orientering frå adm -Tertialrapportar (Ikkje aktuelt å sende ut jf drøfting 27.10.14) -Tilsynsrapportar Frå sak 32/14: Oppfølgingsliste og merknader 4 – 2014: Utvalet ønskjer tilsendt informasjon om tilsyn som har gått til vedtak og svara på desse.
Orientering – om Fylkesmannen sitt tilsyn med barnehagane. (021/13)	27.05.13	27.05.13 Vedtak KU: Orientering vert teken til vitande Kommunalsjef oppvekstsektoren orienterte: - Har ikkje fått tilbakemelding frå innleigd konsulent om Svelgen Barnehage, Langnes Barnehage og Kalvåg Barnehage. - Håpar også å få med skulane i den endelege godkjenninga. - Ingen endeleg frist frå Fylkesmannen. - Samarbeider no med Flora kommune med godkjenning av barnehagar. 27.5.14: Etterlyst svar i e-post til Bremanger kommune 3.9.14: Rådmannen informerte i KU-møte om framdrifta med godkjenning. 12.1.15: Sendt e-post til kommunalsjef Gro Abildsnes med

		<p>spørsmål om arbeidet er ferdig. Bad om at kontrollutvalet ved SEKOM får orientering når Svelgen, Langeneset og Kalvåg barnehagar er godkjende.</p> <p>12.1.15: Svar frå Gro Abildsnes: Forventa ferdig frå Folkehelseavdelinga i Flora i løpet av januar 2015.</p> <p>6.3.15: Nytt svar frå kommunalsjef Gro Abildsnes: Har fått dei fleste godkjenningane frå folkehelseavdelinga. Det vert laga sak om dette så snart som råd.</p>
Forvaltningsrevisjon: Prosjektrapportering og oppfølging (035/13)	27.11.13	<p>27.11.2014 KU-vedtak sak 35/14:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om prosjektrapportering og oppfølging til orientering. 2. Kommunestyret viser til tilrådingane i pkt 8.3 og 8.12 og ber rådmannen følgje opp med prioritering av: <ul style="list-style-type: none"> • Revisjon av økonomireglement. • Rutinar for etterleving av reglement. • Sluttrekneskap frå investeringsprosjekt. 3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet om oppfølginga innan utgangen av 1. halvår 2015. <p>02.12.2014: Tilrådinga sendt til kommunestyret for handsaming.</p> <p>18.12.2014: Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding.</p>
Tilsyn Kalvåg skule	3.9.14	<p>KU-vedtak Skriv og meldingar (20/14):</p> <p>Kontrollutvalet vil ha kopi av administrasjonen sitt svar om tilsyn ved Kalvåg skule.</p> <p>20.3.2015, 08/15, Skriv og meldingar</p> <p>Bremanger kommune sitt svar til Fylkesmannen vart sendt ut. (Utvalet ønskjer Fylkesmannen sitt svar på dette).</p>

<p>Forvaltningsrevisjon: Avvikshandtering (30/14)</p>	<p>27.10.14</p>	<p>KU-vedtak 27.10.14 (30/14): Saka vert utsett til neste møte. KU-vedtak 27.11.14 (36/14):</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Avvikshandtering.</i> 2. <i>Kontrollutvalet ønskjer å finne ut om det er ein godt fungerande kultur og systematikk for handtering av avvik som del av løpande kvalitetsutvikling.</i> 3. <i>Revisjonen vert avgrensa til 2014 med eit utval av aviksmeldingar innan områda som er underlagt:</i> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Rådmannen</i> • <i>Kommunasjef oppvekst</i> • <i>Kommunalsjef helse og omsorg</i> 4. <i>Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på neste møte. Mellom anna med vurdering av om det kan gjerast som forvaltningsrevisjon eller om det bør vere ein revisjonsrapport. Frist for rapport frå prosjektet: 31.5.15.</i> 5. <i>Kontrollutvalet ønskjer ei tilbakemelding etter ei foranalyse når ein har undersøkt omfanget av avvik i ulike einingar med ei undersøking blant tilsette.</i> 6. <i>Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.</i> <p>02.12.2014: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon. Frist for plan: 30.12.14. KU-sak 004/15 den 9.1.15. Vedtak med 3 mot 2 røyster: Framlegg til prosjektplan datert 11.12.14, vert godkjent. 09.01.2014: Godkjenning av plan sendt til KRYSS Revisjon. 20.03.2015, Sak 10/15 Vedtak: <i>Sekretariatet utformar brev til administrasjonen. Brevet vert sendt til kontrollutvalsmedlemane for innspel før det vert sendt. I brevet vert det påpeika manglande oppfølging av kommunelova § 23 og etterspurt kva som vert gjort for å følgje dette opp.</i></p> <p><i>Kontrollutvalet ber om strategi for alle sider av implementering av kvalitetssystem. Særleg fokus på kulturbygging rundt avvik.</i></p> <p><i>Forvaltningsrevisjon om avvikshandtering vert utsett.</i></p> <p><i>Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.</i></p> <p>24.03.2015: Brev, vedtak og rapport frå KRYSS Revisjon sendt til rådmannen.</p>
---	-----------------	---

Møteplan 2015	27.11.14	<p>Frå sak 38/14: Oppfølgingsliste og merknader 5 -2 014: Neste møte: 9.1.2015</p> <p>Sak 06/15 den 9.1.15. Vedtak: Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 9. januar 20. mars 24. april (bestemt i møte den 20.3.) 21. mai 28. august → 21. august 13. november Møtetid kl 9.30 – 12.00 12.01.2015: E-post frå Bremanger kommune: Stadfesting av at formannskapssalen er tinga til datoane i sak 06/15. 20.03.2015: Sak 10/15, Forvaltningsrapport: Avvikshandtering <i>Det vert sett opp møte i kontrollutvalet den 24. april der rådmannen vert kall inn.</i> 20.03.2015: Sak 12/15, oppfølgingsliste og merknader: <i>Endring av møteplan: Møte 28. august flytta til 21. august.</i></p>
Årsmelding 2014 – Bremanger kontrollutval	9.1.15	<p>KU-sak 5/15 den 9.1.15. Vedtak: Framlegg til årsmelding datert 2.1.14, vert godkjent. 09.01.2015: Den underskrivne årsmeldinga vart sendt vidare til Bremanger kommune for handsaming i kommunestyret.</p>
Eigarskapsmelding		<p>KU-sak 09/15 (Skriv og meldingar) den 20.3.15: Eigarskapsmelding <i>Til neste møte ber utvalet om ei orientering frå rådmannen om Bremanger kommune si eigarskapsmelding. Fokus på strategi og korleis ein utøver eigarskapen t.d. i forhold til representantskapsmedlemar og styrande organ i selskapa. Korleis sikrar ein opplæring til og tilbakemelding frå dei som representerer kommunen?</i></p>
FKT-konferanse 3. og 4. juni		<p>KU-sak 09/15 (Skriv og meldingar) den 20.3.15: FKT-konferanse 3. og 4. juni <i>Ingen reiser frå Bremanger kommune i år. Sekretariatet deltek på konferansen og orienterer utvalet i etterkant.</i></p>